

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 Bremnes

Avdeling for
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Dato	14.10.2024
Vår referanse	2022/61468-11
Dykkar referanse	2021/1542
Sakshandsamar	Cathrine Grasdal
E-post	Cathrine.Gunn.Grasdal@vlfk.no
Telefon	

Fråsegn til avgrensa høyring av framlegg til reguleringsplan - bustad- og næringsområde Busthorn Hollund 89-4,9 mfl. Planid 201410 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 12.09.24 om høyring av forslag til detaljregulering for bustad- og næringsområde Busthorn i Bømlo kommune.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstart 02.03.15, og brev 09.09.19, 12.10.21 og samtykkehandsaming i fylkesutvalet 15.02.24. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing.

Vurdering

Planfaglege merknader, stadutvikling og handel

Bømlo kommune har i brev om avgrensa høyring bede fylkeskommunen vurdere justerte føresegner for planarbeidet for Busthorn. Det har vore omfattande dialog kring denne saka. I hovudsak har fylkeskommunen vore opptekne av omsyn knytt til handelsføresegner i gjeldande regional plan for senter, og etableringa av handel som kan bidra til å svekke eksisterande handel og tenestetilbod i kommunenesenteret Svortland. Dette gjeld kopling/avstand, vareutval og forholdet til handelslekkasje ut av kommunen. Dei regionale handelsføresegnsene er utforma slik at dei skal ta i vare eksisterande senter i kommunane og regionane, og verke supplerande og styrkande for tilbodet i kommunen.

Etter dialog og noko justering av planframlegget, blei saka løfta til politisk samtykkehandsaming i fylkesutvalet 15.02.24. I handsaminga rådde fylkesutvalet til at føresegnsene i planen for Busthorn skulle styre vareutvalet i planområdet i tråd med den regionale planen. Vidare vurderte fylkesutvalet at planen legg til rette for styrking av Svortland, og gav samtykke til regulering av handelsarealet slik den då låg føre. Fylkesutvalet oppmoda Bømlo kommune til å avklare sentrumssstruktur og sentrumsavgrensing, og behov for areal til handel i kommuneplanens arealdel i tråd med regionale retningslinjer.

Føresegner for handelsetablering

I føresegnsene for handel (§ 3.6) er det ikkje gjort vesentlege endringar frå 2023 til 2024 knytt til bransjestyring. Kommunen har halde ved lag deling av areala i planområdet, der **F/K/I1-5** kan innehalde breidda av detaljhandel, inkludert større kjedebutikkar for brune- og kvitevarer, kjøkken

og bad, møbler, teppe, og som har ei salsflate på min. 2000 m² og som har ein marknadsdekkning utover kommunegrensa med unntak av daglegvare, vin og brennevin, fritidsutstyr, spel og leiker, klede og skotøy.

Føresegnerne for **F/K/I6-7** er i tråd med senterplanen si definisjon av unntaksvarer, og det er presisert at detalvjarehandel med daglegvare, klede, bøker, gåveartiklar og serviceverksemder som kontor for tannlege, lege, fysioterapeut og liknande er ikkje tillate i F/K/I6-7.

Det er positivt at oppdaterte føresegner sikrar opparbeiding av fortau frå næringstromter ut til fylkesvegen. Vidare er det også positivt at kommunen legg til rette for etappevis utbygging av området.

Vedkommande motsegn

Det er ikkje fremja motsegn til planframleggelsen, men i prosess i 2019 vurderte administrasjonen å rå til at fylkesutvalet fremja motsegn, om ikkje planframleggelsen i større grad tok i vare regionale omsyn. Dette har vorte justert noko gjennom prosessen, og ein har i større grad føringar som styrer bransjeutvalet for å stø opp om utviklinga i Sørlandet og for å bøte på handelslekkasje ut av kommunen. I samtykkehandsaminga i fylkesutvalet 15.02.24 fekk Bømlo i hovudsak støtte for planen slik den no ligg føre.

Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv har vi ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet. I samband med kulturhistorisk synfaring i området blei ingen automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne påvist, og areala blei vidare vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka.

Vi har ingen vidare merknader til reguleringssendringa utover å gjere tiltakshavar merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne (til dømes gjenstandsfunn, bitar av flint/grønstein/rhyolitt, flekker med trekol, bergkunst/skålgroper eller konstruksjonar) likevel blir avdekt under gjennomføring av tiltak, må dette straks meldast til Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagansvarleg kommunal plan
NPI – Plan, klima og analyse

Cathrine Grasdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Sakshandsamarar:
Tore Sløning – KFO - Arealplan

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER